



Styret i det kommunale næringsfondet har i motsetnad til det regionale næringsfondet sagt nei til søknaden frå Åge Kolaas på Sunde og Rikard Haugland i Uskedalen (biletet) om tilskot til etablering av vaktmeistertjenester i distriktet.

Dei vil i første omgang satsa på kundar i Kvinnherad men på sikt utvida også til nabokommunane.

Rådmannen hadde innstilt på at dei skulle få 25.000 og Ole Torbjørn Holmedal (Frp) gjekk inn for det same i styret. Men 7 røysta for ikkje å gje tilskot og berre 2 var for. Fleirtalet skal ha vist til næringsfondsreglane om ikkje å støtta verksemder som er i konkurranse med andre. Fleire i Kvinnherad driv med vaktmeistertjenestar.

Søklarane er for tida permitterte frå skikpsbyggeri (Eidsvik) og røyrleggjarforretning og ønsker å bruka arbeidserfaringa si til å starta firma. Dei vil satsa på mindre oppdrag på kort varsel. Dei planlegg også å utvida bedrifta med andre fagfolk.

Rådmannen peika på at tiltaket fell inn under reglane for næringsfondet og er kvalifisert for tilskot. Han understreka og at søklarane har utarbeidd ein grundig forretningsplan med investeringsoversikt og driftsbudsjett.

Dei 2 har fått 15.000 frå det regionale næringsfondet.

Av Ola Matti Mathisen